



Pb 78
5591 ETNE

Vår dato
28. september 2015

Dykkar referanse
2015/1175

Hordaland Fylkeskommune
hfk@hfk.no

UTTALE TIL REVIDERT FREDINGSFORSLAG STØDLETERRASSEN I ETNE - 1. GONGS HØYRING

Viser til 1. fredingsforslag, 2. kart og 3. kulturminnedokumentasjon på www.hordaland.no.

Sidan vår uttale av 30.12.2010 er området for fredingsforslaget redusert til 521 da. Våre kommentarar i dag er likevel i hovudsak dei same; me er primært negative til fredingsforslaget, og viser til at kulturminna er allereie freda, og at plan- og bygningslova er veileigna virkemiddel for å sikre andre kulturminneinteresser i området.

Asbjørn Moe
Fikse Næringsutvikling
Etne og Vindafjord

Vedlegg: Høyringsuttale datert 30.12.2010

Om Fikse Næringsutvikling

Fikse Næringsutvikling (tidl. Etne og Vindafjord Næringsutvikling) er eit næringselskap av og for næringslivet i Vindafjord og Etne, og representerer interessene til 146 medlemsbedrifter, med samla årleg omsetnad på ca 12 mrd NOK, og ca 4000 arbeidsplassar.





Etne Næringsutvikling
- Med sikte på framtida!

Hordaland Fylkeskommune
Postboks 7900
5020 Bergen

Etne, 30.12.2010

Høyringsuttale om fredningsforslag Stødleterrassen

Viser til hordaland.no der det vert kunngjort «Melding om offentlig høyring av *forslag til områdefredning av Stødleterrassen i Etne med heimel i kulturminnelova § 19, jfr. § 22. Stødleterrassen, deler av gardane 35, 36 og 37, Stødle, Sørheim og Austrheim, Etne Kommune, Hordaland.*»

Etne Næringsutvikling arbeidar for best mogleg rammevilkår for utvikling av nytt og eksisterande næringsliv. I arbeidet med høyringsuttalen har Etne Næringsutvikling hatt dialog med einsskild næringsaktørar, samt arrangert fellesmøte for alle næringsinteressar i det føreslått freda området. Vår uttale representerer breidda og dei felles interessene i næringslivet i området, medan fleire av næringsaktørane vil gi eigne høyringsuttalar med vekt på sine særinteresser.

I samband med fredningsforslaget for Stødleterrassen legg Etne Næringsutvikling vekt på at næringsinteressene i området må takast omsyn til i vurderinga av saka.

Overordna kommentarar

- **Manglande konsekvensutgreiing for næringsliv**
Proessen bak fredningsforslaget manglar utgreiing av konsekvensar for noverande og framtidig næringsverksemd. Dette gjeld såvel økonomiske som praktiske konsekvensar. Me meiner forslagsfremjar her må sjå til forvaltningslova § 17.
Sjølv om ein gjerne ikkje kan setje ulike interesser direkte opp mot kvarandre, vert det ikkje enklare å danna seg det totale biletet av saka som er naudsynt for å fatta eit velgrunna vedtak, ved å utelata viktige konsekvensområder.
- **Manglande plan på avbøtande/kompenserande tiltak**
Fredningsforslaget som er lagt fram har ein heil del praktiske og økonomiske konsekvensar for fleire næringsområde, utan at det fylgjer med ein plan eller tiltak for kompenserande tiltak. I dialogen med fylkeskommunen og til dels fylkesmannen, er det vist til moglegeiter for næringsaktørar å søkje om midlar til tiltak som fylgje av fordyrande konsekvensar ved fredningsforslaget:
 - Dette er midlar som finst allereie i dag, og er ikkje øyremerkta konsekvensar for næringsaktørar i det berørte området. Slik me ser det er dette difor ikkje relevant argumentasjon i denne saka.
 - Midlane er særsmå og difor lite eigna til argumentasjon i denne saka.
 - «Politiske signal» om auka løyvingar til midlar som kan nyttast til kompenserande tiltak er ikkje relevant så lenge dette er rettigetsbaserte



- midlar øyremerka næringsaktørar berørt av fredningsforslaget
- Me kan ikkje sjå at nokon av midlane som skal kunne nyttast til kompensierende tiltak gjeld til dømes næringsinteressene direkte eller indirekte knytt til utvinning av sandressursar
- **Omfanget i forslaget samsvarar ikkje med funn av kulturminne**
 - Arealet føreslått freda er svært stort samanlikna med den kjennskapen ein har til funn av (og gjenværande) kulturminne i området, ut i frå slik me kjenner tidlegare praksis med § 19 i kulturminnelova.
 - Mykje av det føreslått freda området som ikkje allereie er undersøkt for kulturminne, er djupdyrka areal som tvilsamt kan ha gjenverande kulturminne.
 - Graden av detaljstyring slik det vert lagt opp til i føreslått forskrift og forvaltningsplan er alt for omfattande ut i frå dei konsekvensar næringsverksemd kan ha på kulturminne som allereie er verna gjennom automatisk freding.
- **Fredningsforslaget ivaretar ikkje kulturlandskapet**
 - Avslutninga av sandutvinning slik det føreligg i dag gir ikkje eit naturleg bilete av opprinneleg landskap i området
 - Avslutninga av sandutvinning slik føreslått legg ikkje landskapsmessig godt til rette for framtidig landbruksverksemd i delar av området
- **Manglande skildring om høve til anna regelverk**

Forskrifter og forvaltningsplan i fredningsforslaget omtalar i ein viss grad tilhøvet til Plan- og bygningslov. Dette framstår noko ufullstendig og seier blant anna lite om vekting mellom ulike regelverk. Andre områder enn PBL er ikkje omtala i fredningsforslaget.
- **Uklar heimel for fredningsforslaget**

Kunngjeringa av offentlig høyring av fredningsforslaget syner til Lov om kulturminner, § 19, jfr. § 22. Både forskrift og forvaltningsplan i fredningsforslaget refererer fleire gonger til «kulturmiljø» og «kulturlandskap».

 - Heimel for freding av «kulturmiljø» er slik me kan sjå å finna i § 20 i kulturminnelova, denne er ikkje nytta i fredningsforslaget slik det føreligg.
 - Me kan heller ikkje sjå at «kulturlandskap» kan fredast med heimel i § 19, som omhandlar freding av område rundt freda kulturminne «...så langt det er nødvendig for å bevare virkningene av kulturminnet i miljøet...».

Verdiskaping i området

Området omfatta av fredningsforslaget står for eit viktig bidrag i næringslivet i Etne, i form av arbeidsplassar, kompetanse og kjøp og leveranse til næringsliv utanføre området. Dette gjeld særleg næring relatert til landbruk og utvinning av sandressursar.

- **Verdiskaping relatert til sandutvinning**
 - Sand slik den vert utvunnen og seld som ressurs frå Etne er i ferd med å verta ei mangelvare på nasjonalt plan



- To lokale bedrifter med lang tradisjon og viktig kompetanse og arbeidsplassar er direkte knytt opp til utvinning av sandressursar i området. Desse genererer direkte om lag 15 arbeidsplassar og 25 MNOK i omsetning.
- Sandressursar frå Etne er ei sentral råvare i stor verdiskaping og mange arbeidsplassar i eit område langt utover Etne, til dømes produsentar av betongprodukt og asfalt.
- Utvinning av sandressursar gir auka og betre areal for landbruksdrift. Når areal vert tilbakeført etter ferdigstilt uttak av sand, har erfaringar frå blant anna Rygg/Grindheim og Austrheim synt ein auke i dyrka landbruksareal på opp mot 67%. *Dette er ei viktig motvekt til nedbygging av landbruksareal elles.*
- **Verdiskaping relatert til landbruksverksemd**
 - Etne er ei av dei viktigaste landbruksbygdene i Hordaland, både målt i produksjon og sysselsetting. I denne næringa er Stødleterrassen eit heilt sentralt område.
 - Om lag 15 arbeidsplassar med samla årleg omsetnad på 15-20 MNOK er direkte verdiskaping frå denne næringa.
 - Landbruksnæringa i området er eit sentralt ledd i verdikjeden. Mange kundar og leverandørar er avhengig av ei dynamisk og bærekraftig landbruksnæring som grunnlag for eigen framtidig utvikling, til dømes slakteri og tilbydarar av varer og utstyr til landbruket.
 - Landbruksnæringa i området er involvert i prosjekt knytt opp til produksjon av alternativ energi, som til dømes biogass og flisproduksjon. I dette ligg samarbeid med slakteri som leveradør av tilleggsråvare som forbetrar energiprosessen og sterkt reduserar miljøkonsekvensar ved transport av slakteavfall. Prosjektet med biogass har potensiale til store positive ringverknadar og overføringsverdi for andre klynger av landbruksaktørar knytt opp til produsentar av slakteavfall frå fisk og husdyr.
 - Eit aktivt landbruk er ein naudsynt føresetnad for å ivareta kulturlandskapet i området.
 - Fleire landbruksaktørar i området er også produsentar av lokal og kortreist mat, eit satsingsområde i vekst.

Konsekvensar ved fredningsforslaget slik det føreligg

- Vil på relativt kort tid **fjerne grunnlaget for utvinning av sandressursar i området**:
 - direkte tap av lokale arbeidsplassar og verdiskaping
 - tap/flytting av arbeidsplassar og verdiskaping i bedrifter indirekte knytt til utvinning av sandressursar
 - negativ miljøkonsekvens ved stor auke i transport av råvare og sluttprodukt som følgje av manglande lokale sandressursar
- Vil skapa stor **usikkerheit knytt til vidare utvikling og drift av landbruket i området**:



- auke i byråkrati og detaljstyring av ei næring som allereie er sterkt råka av dette
- auka kostnadar og hindringar blant anna knytt til bygningsmasse tilpassa ei moderne og effektiv landbruksnæring med allereie marginal økonomi
- ikkje-kjende hindringar
- viktig utvikling som til dømes satsing på biogass vil ikkje verta gjennomført med forringa vilkår for landbruket
- Vil kunne **forringa og/eller fordyra vedlikehald av kulturlandskapet** som følgje av redusert aktivitet i landbruket
- Vil kunne **svekka og/eller fordyra vernet av kulturminne** som følgje av redusert aktivitet i landbruket
- Negative konsekvensar for **andre næringsinteresser**
 - Hindringar og detaljstyring utover følgjene av automatisk freda kulturminne vil kunne vanskeleggjera og/eller fordyra utvikling av infrastruktur i området, som til dømes arbeid med vegar, vatn, avlaup, elektrisitet og breiband.
- Negative konsekvensar for **folketalsutvikling og lokalsamfunn**
 - I små samfunn som Etne er kvar arbeidsplass og kvar innbyggjar svært viktig. Arbeidsplassar er framleis viktigaste faktor for kor folk vel å busetja seg (*NIBR, flyttmotivundersøkelsen*)
 - Fredningsforslaget berører direkte vel 30 arbeidsplassar. Langt fleire er indirekte berørt gjennom bedrifter og næringar nært knytt opp i verdikjeda til næringsaktørane i det foreslåtte fredningsområdet.
 - Bortfall av arbeidsplassar vil gi store negative konsekvensar for folketalsutviklinga og lokalsamfunnet elles.

Oppsummering

Etne Næringsutvikling meiner:

Primært

- Automatisk freding av kulturminne er tilstrekkeleg
- Freding av kulturlandskap utover dette er til eit for stort hinder for næringsverksemd i området

Sekundært:

- Konsekvensar for næringslivet må uavhengig utgreiast og vektleggjast i vurderinga av fredningsforslaget. Kostnaden ved dette må tilleggjast fremjar av fredningsforslaget, med bakgrunn i ansvar for å få saka tilstrekkeleg opplyst



Etne Næringsutvikling
- Med sikte på framtida!

- Området må avgrensast til der det er kjende kulturminne
- Prinsippet om «vern gjennom bruk» bør leggjast til grunn for korleis ein ivaretar kulturminne i området
- Djupdyrka areal må takast ut av planen
- Allereie bebygd areal med naturleg utviklingsareal (tun) må takast ut av planen
- Det må leggjast til rette for ei avslutning av sandutvinning som betre representerer opprinneleg landskap og legg legg til rette for framtidig landbruksdrift

Mvh

Asbjørn Moe

Etne Næringsutvikling SA